



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Terje Natland, 5557 2168

Vår dato
14.07.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/9934 421.53
Dykkar referanse

Bjørn Ingvar Eidsheim
Hindenesvegen 181
5993 OSTEREIDET

Tilsagn om tilskot til Æsevågen velteplass - Lindås - gnr bnr 242/1

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ
Viser til Dykkar søknad om tilskot til Æsevågen velteplass klasse 4 datert 16/6-2015

Vedtak: Fylkesmannen gjev med dette tilsegn om inntil kr 36.000,- til Æsevågen velteplass.

Tilskotet vert gjeve med inntil 60 % av godkjente kostnader.

Løyving: 60 % av kr 60.000,- = Kr 36.000,-

Løyvinga står ved lag i 3 år, fram til 1. juni 2018

Vi gjør merksam på at:

- Dette veganlegget har i fylgje søknaden ein totalkostnad på kr 60.000,-.
- Veglagsformannen er ansvarleg for at det vert ført rekneskap for vegarbeidet, sjå rekneskapsinstruks på skjema for rekneskapssamandrag.
- Deler av tilskotet kan betalast ut etter kvart som arbeidet med vegen skrid fram
- Siste utbetaling vert gjort etter at vegen er endeleg godkjent, og rekneskapen er revidert på føreskriven vis.
- Veglagsformannen er ansvarleg for at vegen vert bygd etter dei krav som er sett til den vegklassen det er gjeve løyve/tilskot til.
- Veglagsformannen pliktar å sjå til at vegen vert vedlikehalden til den standard den opphavleg vart bygd i.
- Det vert vist til: "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i landbruket" §5 "Tilskudd til veibygging".
- Og til: «Retningsliner for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane, hest o.a. i Hordaland» fastsett av fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga gjeldane frå 1. februar 2015.
- Fylkesmannen viser til Skoglova og rundskriv til denne om skogeigar si plikt til å forynge skog etter hogst.

Vilkår: Finn andre at dei kan nytta vegen til skogsdrift, skal dei ha rett til det, anten ved å kjøpa seg inn i vegen, eller betala leige.

Dette vedtaket kan påklagast, sjå forvaltningslova § 27 tredje ledd. Eventuell klage vert å senda FMLA seinast 3-tre-veker etter at dette brevet er motteke.

Med helsing

Dirk Kohlmann
ass. landbruksdirektør

Terje Natland
fylkesskogmeister

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.